



19. ETISKE RETNINGSLINER FOR FOLKEVALDE I KVINNHERAD KOMMUNE

Etikk kjem frå det greske ordet etos som tyder sedvane, karakter, personlegdom. Etikken forsøker å svara på det å korleis vi bør handla, og kva prinsipp som ligg til grunn for våre moralske vurderingar når vi skal realisera eit godt føremål. I nokre samanhengar blir etikken ei plikt og moralsk rettesnor for rett handling. Politiske vedtak knyter seg ofte opp mot konsekvensetikken der ei handling blir vurdert etter konsekvensane som kjem av handlinga.

19.1 Føremål

Kvinnherad kommune skal opplevast som reieleg, open og ærleg i all aktivitet og verksemd. Omdømet skal tuftast på kvaliteten i tenesteytinga og resultatet av arbeidet med samfunnsutvikling. Folkevalde har ansvar for å opptre i samsvar med dette, og lojalt følgja dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen.

19.2 Misbruk av mynde

Ein folkevalt kan ikkje vera med i ei sak dersom han/ ho har personlege interesser i ei sak. Misbruk av mynde i den kommunale forvaltninga skal førebyggjast og hindrast ved at ein tek politisk debatt omkring etikk og utøving av politisk mynde jamleg. Administrasjonsutvalet får i oppgåve å evaluera dei etiske retningslinene årleg.

19.3 Gåver og personleg vinning

Tilsette og folkevalde skal ikkje på eigne vegne eller for andre, ta imot eller leggja til rette for å oppnå personleg vinning. Personleg vinning kan vera gåver, reiser, hotellopphald, servering rabattar, lån eller andre ytingar eller gunst som kan påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak, og vera i strid med straffelova § 276. 38 Det kan vera høve der ein kan ta imot gåver, men det skal gjerast etter ei konkret vurdering av gåva, og gåva må ikkje i noko høve overstiga kr. 800. Ei konkret vurdering av gåva bør innehalda: verdi av gåva, sedvane i bransjen, føremål med ytinga, mottakar si stilling/yting, og offentleg kjennskap til gåva/ytinga. Ordførar og varaordførar tek denne vurderinga.

19.4 Integritet – interessekonflikt – habilitet

Folkevalde i Kvinnherad kommune skal aktivt søkja å unngå situasjonar som kan medføra konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser, konkurransesituasjonar eller lojalitetskonfliktar. Døme på dette kan vera: - Forretningsmessige tilhøve - Løna tilleggsverv - Personlege økonomiske interesser - Engasjement i interesseorganisasjonar - Kjøp av private tenester frå kommunen sine leverandørar, når dette ikkje er generelle tilbod til alle tilsette - Familiære og nære sosiale tilhøve. Ved moglege interessekonfliktar eller habilitetsspørsmål skal folkevalde ta dette opp med ordføraren.

19.5 Teieplikt

Fortruleg opplysningar som folkevalde får kjennskap til ved handsaming av saker i kommunen, skal ikkje meddelast andre, og må ikkje nyttast til personleg vinning.

19.6 Rutinar ved brot/mistanke om brot på retningslinene

Folkevalde som gjennom sitt tillitsverv vert kjend med tilhøve som ikkje er i samsvar med lov eller kommunen sine etiske retningsliner, har eit sjølvstendig ansvar for å ta dette opp med ordføraren. Dersom det ikkje er naturleg å ta kontakt med ordføraren, kan ein kontakta leiar i Kontrollutvalet.

19.7 Oppdatering av dei etiske retningslinene

Dei etiske retningslinene skal vurderast årleg av administrasjonsutvalet. Dei etiske retningslinene skal leggjast fram for kommunestyret ved starten av ny valperiode, og i siste året av valperioden.

19.8 Opplæring

Etiske retningsliner skal gjennomgåast som del av programmet for opplæring av folkevalde.

Vedteke i kommunestyret: 16.02.2020

Revidert i kommunestyret: 27.04.2023